

Kyrjeklokka

Nr. 1 - 2013

Kyrkeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

77. årgang

Samling for 4- og 5-åringane i Vikane

I haust samlast 4- og 5-åringane i Vikane, saman med foreldre, i Utvik kyrkje. Her fekk dei lære meir om kyrkja og alt som den inneheld.

Les meir på side 4.



Fasteaksjonen

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon er 17.-19. mars. Gjennom fasteaksjonen i år vil Kirkens Nødhjelp setje fokus på menneske som forandrar verda. I haust var konfirmantar frå Nordfjord til Malawi på studiereise, for å lære om prosjekta, og sjå på nært hald korleis dei lever i andre deler av verda.

Side 9



Vintertreff i Stryn

Vertskoret Sightsing
frå Stryn.

Det årlege vintertreffet var i Stryn i februar. Over 300 ungdomar møttest til mange kjekke aktiviteter, sosialt samvær og åndeleg inspirasjon. I samband med ungdomsåret i Bjørgvin, var biskop Halvor Nordhaug til stades. Les meir på side 3.



Nødvendig vedlikehald av kyrkjene

Vi har nyleg lese i lokalavisa at fleire av kyrkjene skal malast til sommaren. I Nedstryn set dei i gong innsamlingsaksjon for å skaffe ekstra midlar til nødvendig vedlikehald og i Oppstryn vil dei samle inn pengar til å setje orgelet i stand. I Hornindal har dei fått sponsa nye lyskastarar til kyrkjegarden.



Nedstryn kyrkje treng vedlikehald.

Vi vil på nytt minne om at det er muleg å gje minnegåver til kyrkjene. Det er alltid eit kvart å bruke slike pengar til.

Side 8 og 14

Glimt frå konfirmantåret

Espen Berge har sendt oss fleire glimt både frå konfirmantåret og frå tensamling i Solvang. Les meir på side 8 og 10.

Frå nattcupen i november.



God påske

Dei kyrkjelege tilsette og redaksjonen ønskjer alle lesarar ei velsigna påskehøgtid. Vi oppfordrar folk til å ta til seg påskebodskapen på nytt ved å samlast om Guds ord i kyrkjer og bedehus. Nyt også dei flotte turalternativa vi har her i vårt vakre område.



Jesus sitt liv

For over 2000 år sidan no etter kvart
Levde ein spesiell menn med skjegg og bart,
lang habitt og langt hår
Han er frelsaren vår.

12 år gammal var han i Far sin sitt hus
Ein vrimmel av skriftlærde i tempelhus
Han kunne leksa si veldig godt
frå Vårherre hadde han allting fått.
Han var ein konge utan drott
og virka i Ordet som Gud hadde sått.

Jesus levde som eit menneske her nede
læresveinane følgde han som glede ville sprede.
Mangt eit under var dei vitne til
Herren var audmjuk, mild og veldig snill.

Undera med å vekke folk til live var store,
Frå drap ved steining redda Han ei hore.
Dei høge herrar var nesten alle nagla til jord,
Då Mannen frå Nasaret – Vår Frelsar stor –
sa desse enkle men sanne ord:
Den som er utan skuld kan kaste den første stein.
Han gjorde hora fri og rein.

Dei skriftlærde gjekk derifrå
med nokre sanne ord å tenkje på
Han sat der og skreiv i sand.
Kvinna vart løyst frå sine band.


Ein annan gong vart vatn til vin i Kanans land
Dette ved at Herren berre rørte krukkene med si hand.
Kjøgemeisteren forstod slett ingenting i det heile tatt.
Folk var glade og yre og på festen tok dei fatt.

Stort eit under var der då
Han gjorde brød og fiskar få
om til fleire 1000 stykker mange
Folk var svoltne for kåra var trange.

Han stilna stormen på det store, ville hav,
og mang ein syndar Han tilgivelse gav.
Spedalske vart friske på 1-2-3
Folk som held av Han fekk sjelefred.

Alle undra seg og ryktet gjekk vide om denne kar
som heilt og fullt av styrke, harmoni og godheit var

Ute i ødemarken gjekk Han eingong
i 40 dagar og netter, Han styrke frå Far sin trong
Den infame Satan freista Han veldig
men dette sleipe grep var ikkje heldig
Fanden tusla vekk med ugjort sak
Tosken klarte ikkje å gjere Jesus svak.



Krafta frå Herren er umulig å slå
Dette kan vi merke og med undring å sjå
At det gode vinn oftast over dei vonde ting.
Herren verner over sine med ein usynleg ring

33 år var Han i sitt siste leveår.
Han fekk ei klungerkrone rundt sitt hår
Gjekk og venta på det som skulle kome snart.
Mange var det då som såra Han hardt.

Ein fredag hende den ufattelege gjerning stor
Jesus tok på seg all synd på vår jord.
Han bar sjølv krossen opp Golgatas vegar tunge.
Medan han høyrde folkeropa runge.
Skritta var så seige og tunge som bly.

Faderen følgde med frå Himmel over sky.
Dei nagla han fast i føter og hende
og Jesus til Far sin i fortvilning seg vende

Han ropte i inderleg undring og avmakt:
Er det dette som er forutbestemt og sagt?
Far – kvifor har du forlete meg?
Send meg styrke hit ned frå deg!

Herren hang der og leid på sitt kors for oss
og i timane før han døde og kasta loss
snakka Han til røvaren som hang på høgre side
I dag skal du få vere med til Paradis Rike
der er det fantastisk å vere og alle er like

Endeleg var pinsla til slutt ved ein ende
Vår Herre sin plan var gjort, son sin Han sende
Hit til vår arme jord kom Frelsaren stor.

Så gjekk det 3 dagar etter dette store under.
Og læresveinane kom saman i tunge stunder
Og då Han steig opp frå dei døde var dei ikkje seine
Dei samla seg rundt Han og prisa og bad
Og til slutt fann endå noko stort stad
Den Heilage Ande fekk dei alle kjenne stort
Vår Herre hadde nok eit under gjort.

Jesus er nøkkelen til evig frelse
Med desse ord vil Han deg helse
Jesus er sanninga, vegen og ordet
Med Han i hjertet er du på rette sporet.

Lev med din Frelsar i heile ditt hjerte
Tenk på at Han døde for oss med smerte
Fold dine hender små
og husk for alltid på
desse sanne viktige ord!
Dette gjeld for alle på vår syndige jord.

Ragnhild Berg, Soknedal

Vintertreff i Stryn

Kvart år er det vintertreff for Ten-singarar og andre unge frå heile fylket. Sogn og Fjordane krins av KFUK /KFUM arrangerer, og i år var turen komen til Stryn igjen. Denne gongen var det også mange frå Møre og Romsdal med. Eit stort apparat var i sving for å skape ei stor helg for dei 315 faste deltakande.

Ten Sing Norway

- er faste gjester på vintertreffet. Kvart år stiller dei opp med profesjonelt show og stemninga var høg i eit fullsett kulturhus fredagskvelden. Kvaliteten på song og musikk var god og budskapet var klar. Under temaet "Stop poverty" understreka dei at vi alle kan vere med i arbeidet for å motarbeide fattigdom og urettferd i verda.

Etter kvelds på Vidaregåande var det rett på innebandy-turnering i idretts-hallen.

Laurdagen var tettpakka med singspiration, fokustime og ei rekkje seminar som drama, dans, band, kor, solist, direksjon, styrearbeid, rytme, origami, sporty, symjing og temaseminar. Ten Sing Norway fungerte som leiarar gjennom heile helga og det var lett å sjå at deltakarane var inspirerte. Arrangørane rosa lokalitetane i Stryn. Alt frå Kulturhuset, Betania, Idretts-hallen og Stryn Vidaregåande var i bruk.

United Colours of Ten Sing

Laurdagskvelden var igjen salen i kultur-



Verts-koret i Stryn, SIGHTSING

huset fylt til storkonsert. Då var det alle dei lokale Ten Sing-kora frå dei to fylka sin tur å underhalde. Alt frå små kor med nokre få medlemmer til større kor stilte opp. Det vart ein kveld med mykje musikkglede og stor stemning.

Besøk frå bispekontoret

Både på laurdag og under gudstenesta søndag var prosjektleiar for ungdomsåret i Bjørgvin, Arnt Johan Vistnes og biskop Halvor Nordhaug med. Dei fekk god kontakt med deltakarane og understreka kor

viktige dei unge er for kyrkja.

Eit unikt miljø

Vi som hadde gleden av å delta under dei opne arrangementa og oppleve miljøet, kan ikkje anna enn beundre arbeidet som blir gjort. Mange står på for å skape slike arrangement for unge menneske om igjen år etter år, og fleire gonger i året. Ikkje nok med det. Dei held ut kvar einaste veke gjennom heile året i kvar si gruppe. Det er ikkje berre arbeidsinnsatsen som imponerer, men kva dei får til.

Her snakkar vi om eit unikt miljø. Den som kjenner dei mange utfordringane i ulike ungdomsmiljø kan ikkje anna enn å la seg imponere over eit arbeid som er så inkluderande og stimulerande. Her byggjer ein ikkje opp ein konkurransekultur der nokon kjem ut som vinnarar og mange som taparar. Sjeldan ser vi så støttande og applauderande unge. Ikkje berre einarane, men også dei som er usikre og famlande blir heia fram av dei andre. Det gjer alltid like stort inntrykk å sjå korleis sjølvvilliten veks frå null til hundre fordi dei vert støtta av sine egne kameratar i dette miljøet. Her har vi alle, både i frivillig og offentlig sektor tydelegvis mykje å lære av KFUK /KFUM. Ei viktig motvekt til den aukande konkurransedyrkinga i samfunnet.

OU



Ten Sing Norway hadde show med song, musikk, dans og drama.

Nytt frå Utvik

Samling for 4- og 5-åringane frå Innvik og Utvik i Utvik kyrkje

I haust var det samling for 4- og 5-åringane frå Innvik og Utvik i Utvik kyrkje. Her fekk borna informasjon om kyrkja, inventaret og dei kyrkelege handlingane. Det vart også servert bollar og saft.

Kyrkjelydsfest/årsfest i Urdabrunn

Leiaren i soknerådet kunne ønskje 75 personar, herav 20 barn, velkomen. Vikane blandakor gledde oss med song, det var presentasjon av barnearbeidet "Sprell levande" og song av barnekoret. Oddny Torheim hadde andakt, og temaet for festen var "Jesus stiller stormen". Det er tradisjon at grendene tek seg av maten, og i år var det Nedre Verlo sin tur. Takk til dei og konfirmandane som var med og serverte!

Frå kyrkjelydsbasaren:


Resultatet vart fantastisk då Utvikarane løfta i flokk. Heile 28.500,- kroner netto.

Tekst: Edith Kårstad

Julegåver i Utvik kyrkje



Desse skjønne tre-åringane fekk sjølvaste julaften julegåve frå Utvik kyrkje. Pakkane inneheldt ei innråma barnebøn: "Kjære Gud ta handa mi". Frå venstre Ariel Njosen Williams, Roger Magnus Kårstad, Annabel Winkelhorst og bak Johanna Kleppe Paulen.



Presten fortel om dei ulike prestedraktene og alteret.



Borna får orientering om preikestolen.

Misjonær Trond Hjorteland skreiv i Misjonstidende frå Kamerun, m.a. dette:

Det er utruleg!

- Kor lite vatn ein treng for å ta seg ein dusj.
- Kor lang tid det tek å tørka nyvaska handklede når luftfuktigheta er over 85%.

- Kor roleg det kan vere i ein skuletime når alle (5) elevar er konsentrert om oppgåva på same tid.
- Kor nyttig det er med ei god sikt for å få vekk makk og anna utyske som kan meska seg i mjølet og andre matvarer.
- Kor solbrent ein kan bli dersom ein gløymer å smørje seg med solkrem.
- Kor lukkeleg ein kan bli av ein køyretur utover markene med motorsykkelen sin.

- Kor godt ein greier seg utan produkt frå Toro og Freia.
- Kor mange tiggjarar – både rettmessige og lurendreiarar – det kan koma på døra i løpet av ein dag.
- Kor fort ein motorsykkeltaxi kan køyre med to vaksne og tre born + ein sekk med mais – på ein gong.
- Kor privilegerte me er som får oppleve Kamerun og Afrika på denne måten.

KYRKJEKLOKKA

5

Kyrkjeklokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrkjeklokka.no

Redaktør for dette nummeret er:
Anna Marie S. Vatnamo,
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsfører/abonnement:
John Selmer Skiftesvik,
6788 Olden, tlf. 57 87 33 85
john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor
Tlf. 57874123
Mobil 91184241
Sokneprest Harald Runde
Kontortid:
Onsdag, torsdag og fredag kl. 10-12
harald.runde@c2i.net

STRYN prestekontor
Tlf. 57874812
Mobil 91103134
Sokneprest Kjetil Netland
Privat 57871029
kjetil.netland@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor
Tlf. 57879833
Mobil 94276335
Vikarprest Sigurd Stige
Kontortid:
Tysdag 9-12 og torsdag 9-12

KYRKJEVERJER

Stryn kommune
Borghild Skarelven
til 31.03.13
Tlf. 57874811
Mobil 91327882
borghild.skarelven@stryn.kommune.no

Hornindal kommune
Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf. 57879834
Privat tlf. 57879653
Mobil 97084120
Måndag 8-15, torsdag 9-13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no



**Storsamling for alle som vil tilbe
Jesus i heile fjorden!
Sett av datoen:
Laurdag 16. mars 2013
kl. 15.00–18.00**

**For tredje gang blir det
i Operahuset på Nordfjordeid**

Song og tilbeding, bøn og forbøn, appell
og vitnemål, kaffi og kaker.

Kjernevers: Joh.17,20-23.
Vi vil: tilbe Jesus ilag og be ilag for Nordfjord.

**Vil du vere med på dette?
Du er hjarteleg velkomen!**

Arrangørar:

Normisjon region Sogn og Fjordane, Fellesskaps-
kyrkja på Sandane, Sion Sandane, Filadelfia Stadt,
Fisken kristne fellesskap i Måløy, Måløy Normisjon,
Christos Agape i Utvik, Nordfjord Bibelsenter, Sogn
og Fjordane Bibelsenter, Filadelfia Stryn
og Den Norske Kyrkja

Ved spørsmål, ta kontakt med:
Solveig Askeland: solaske@gmail.com (411 92 033) eller
Atle Dalsbø: pastor@fellesskapskyrkja.no (957 77 200)

Arrangement ved Innvik Fjord-
hotell Misjonsheimen 2013

**27. MARS-1. APRIL: PÅSKE V/FJORD
OG FJELL**

Talar: Otto Høvik. Song: Arvid Larsen. Vertskap:
Mona Ekstrøm og Jon Knut Drageset
Start: Onsdag kl. 18.00, slutt 2. påskedag etter
lunsj. Ein kan delta på heile eller deler av opp-
legget.

**Fredag 5. APRIL kl 19.00: MISJONS-
HEIMSBASAREN**

Andakt v/Jan Magne Moi.

12.-14. APRIL: LOVSONGSHELG

Tove og Jan Honningdal

**18.-22. MAI: Pinsetur til vårvakre Nordfjord
m/SI-reiser**

Björg og Harry Wiig-Andersen, Jakob Middel-
thon, Torstein Remme, Lage Wedin og Edgar
Paulsen. Påmelding til SI-reiser tlf 70 17 90 00
eller si-reiser@si-reiser.no.

**13.-17. JULI: AKTIV FERIE FOR YNGRE
SENIORAR**

Marit og Oddmund Måseide. Arr.: Normisjon

3.-15. SEPTEMBER: FAMILIEHELG

Arr.: Misjonsheimen i samarbeid med
Familiefokus UiO

16.-20. SEPTEMBER: "VI OVER 60"

Talar: Leif Kaslegard. Song: Björg Bredvold.
Undervisning og praksis om enkel kvardagstrim
for eldre.

**4.-6. OKTOBER. AKTIVITETSHELG
M/HOVUDVEKT PÅ NÅLEFILTING**

Kurs v/Eli Johanne Berg. Kursavgift inkl.
materiellkostnad: kr 750,- pr. person.

18.-20. OKTOBER.: EKTEPARHELG

Ådel og Lars Dale. Arr.: Familiefokus i Ungdom
i Oppdrag. Påmelding til Sølvi og Bjarte Urnes,
tlf. 57 82 01 80, e-post: sgurnes@online.no

15.-17. NOVEMBER: OASEHELG**23.-27. DESEMBER: JULEFEIRING**


Bli med på OMRÅDESTEMNE og ÅRSMØTE



for NMS-Nordfjord søndag 14.april 2013 i Hyen kyrkje og i Samfunnshuset

11.00: Misjonsgudsteneste
v/Kari Skår Sørheim og Asbjørn Gjengedal
13.00: Middag
14.30: Årsmøte for NMS-Nordfjord
16.00: Misjonsfest
Festtale v/Kari Skår Sørheim
Misjonsglimt v/Kari S. Sørheim

Påmelding til middag (kr 200.-) til Eli Liv Aa: 57 86 98 54 / 957 68 455
Innan onsdag 3. april



Av Jon Ytrehorn

Tankar langs vegen ...



Religion og livssyn i Noreg – kvar går kursen?

Den 6. januar i år la det regjeringsoppnemnde Livssynsutvalet (Stålsett-utvalet) fram innstillinga om kva plass og rettar livssyn og religion skal ha i samfunnet vårt. Innstillinga var imøtesett med stor interesse, og er starten på ein prosess der målet er å utforme eit lovverk som viser kva politikk Den norske stat skal følgje på dette området.

NOREG ER ikkje lenger ein livssynshomogen nasjon. Innvandringa har opna vegen for eit fleirkulturelt og fleireligiøst samfunn. Det er ikkje berre på Karl Johan vi møter menneske frå mange nasjonar og kulturar. Mange av dei er svært synlege, og dei krev sin rett. Dei utfordrar oss, og deira nærver møter oss med nye spørsmål. Kva skal til dømes svaret vere når muslimske kvinner ber om å få bere hijab i tillegg til politiuniforma? Behovet for ein religions- og livssynspolitik er tydeleg.

LIVSSYNSUTVALET var breitt samansett, både nasjonalt, politisk og religiøst. Innstillinga frå dei 20 medlemene er ein murstein på 460 sider. Ein berande tanke er at religion og livssyn skal synleggjerast også i det offentlege rom. Menneske frå ulike religionar og livssyn skal i prinsippet ha like rettar og like plikter i samfunnet vårt. I det følgjande tek eg fram nokre av forslaga utvalet har kome med og deler tankar om desse.

EG VIL GJE UTVALET honnør for at dei så tydeleg fastslår at religion og livssyn er verdiar som bør synleggjerast i samfunnet langt sterkare enn før. Utvalet ynskjer å gje ulike religiøse grupper same rett til å utføre

handlingar og seremoniar for sine medlemmer som kristne kyrkjesamfunn i dag har i landet vårt. Derfor foreslår utvalet m. a. at Forsvaret må sikre at religiøse handlingar og seremoniar for t. d. muslimske soldatar og befall blir utførte av ein imam. Når det gjeld andakt i skuletida (m. a. vidaregåande skule) hevdar utvalet at skulen skal sikre rom der elevar som ynskjer det kan samlast i ledige fristunder til andakt og bøn. Personleg støttar eg begge forslaga ut frå to grunntankar: religionsfridom og like rettar for alle.



Forslaget om å fjerne det kristne verdifundamentet i grunnskulelov og grunnlov fortener å bli avvist.

MANGE AV FORSLAGA vil vekkje kjenslemessige reaksjonar. Som til dømes desse: 1: Kyrkjer og religiøse samfunn skal ikkje lenger ha vigselfrett. Vigself av brudepar skal heretter skje hos sorenskrivar/byfogd. Men brudepar skal fritt kunne velje ei påfølgjande velsigning i kyrkje eller anna gudshus. 2: Kyrkjegardar skal bli minnelundar og kyrkjegarden skal forvaltast av kommunen, ikkje kyrkja. Grunn: Ved gravferder skal ein sikre at ingen blir sett til kvile på ein grunn som er vigsla til og av eit anna trussamfunn. 3: Politiet skal få lov til å bere religiøse symbol eller plagg i tillegg til uniforma. – (Når det gjeld dette siste er eg sterkt usamd. Her blandar utvalet saman samfunn og stat. Dei rettar ein har i samfunnet til å bere slike symbol eller plagg kan ein ikkje ta med seg når ein blir ein tenestemann/kvinne som opptre på vegner av den norske rettsstaten.)

MEN MEST OPPSIKTS-VEKKJANDE er likevel endringane eit fleirtal i utvalet gjer forslag om når det gjeld grunnskule og grunnlov. Om grunnskulen heiter det at det kristne leddet i formålsparagrafen skal fjernast.

Tilsvarende foreslår utvalet å ta bort det kristne leddet i den nye verdiparagrafen (§ 2) der det heiter at verdigrunnlaget for nasjonen vår skal vere vår ”kristne og humanistiske arv”. Fleirtalet grunngevr endringsforslaga med at i dag må vi finne andre ord som klårare enn ordet ”kristen/kristendom” uttrykkjer dei grunnleggjande verdiane for folk og nasjon!

Å FORANDRE ein grunnlovsparagraf som vart vedteken for berre to år sidan av eit samrøystes storting er oppsiktsvekkjande. Ja, det går faktisk på truverdet laus! Forslaget om å fjerne det kristne verdi-

fundamentet i grunnskulelov og grunnlov fortener å bli avvist! Elles undrar eg meg over inkonsekvensen hos utvalfleirtalet. På den eine sida understrekar dei at vi må ha eit livssynssope samfunn der tru og religion blir synleggjort. På den andre sida vil dei fjerne ordet som synleggjer den åndelege arven som har vore ein berehjelle i folket vårt. Det minner meg om å sage av ei grein ein har funne at ein ikkje likar, og så sit ein sjølv på den!

EG BLIR stadig like forundra over ein argumentasjon som denne: ”Skal vi sikre oss at våre nye landsmenn kjenner seg inkluderte må vi passe på å ikkje støyte eller diskriminere dei. Derfor må vi tone ned det som har med kristendom og tru å gjere.” Aller minst hadde eg venta spor av ei slik tenkjing frå utval som så sterkt vektlegg synleggjering av religion og livssyn i samfunnet.

Livssynsutvalet (Stålsett-utvalet) vart oppnemnt av Regjeringa v/ Kulturdepartementet for to år sidan. Leiar: Generalsekretær i Kirkens Bymisjon, Sturla Stålsett. Utgreiinga har fått tittelen ”Det livssyns-åpne samfunn - En helhetlig tros- og livssyns-politikk” og inneheld ein mangfaldig pakke med forslag knytta til religion og livssyn.

Ei meiningsmåling utført av Norstat i februar viser at 63 prosent av dei spurde svarar ja på spørsmålet om det kristne verdigrunnlaget framleis skal vere fastslått i Grunnlova. 30 prosent svarar nei, 7 prosent er usikre. I dei fleste politiske partia på Stortinget er også stemninga at ein vil halde fast på noverande § 2 i Grunnlova.

Personalnytt

Takk for meg

Mi tid som kyrkjeverje i Stryn er snart omme. Stryn har ein nydeleg natur med høge fjell og med fjordar og vatn innimellom. Våren er den vakraste med snø på toppane og grønt nedmed fjordane, der blåveis, kvitveis og liljekonvall blømer. Ei vakker tid som snart er her.

Naturen er ein ting, men måten ein vart tatt i mot på av rause, inkluderande og varme menneske vil eg hugse. Det har sett sine spor. Særleg turen til Sør- Afrika med Stryn Blandakor med vener, og tida med Speidarane vil bli hugsa.

Det er trivelege medarbeidarar i kyrkja, som har vore hjelpsame på mange måtar. Fyrste dagane i arbeid var ikkje lenge etter at orkanen Dagmar hadde sett sine spor på kyrkjer og kyrkjegardar. Etter dette har det vore mange lærerike timar. Eg har det inntrykket at har ein ynskje om å lære meir, bør ein flytte litt på seg. Kanskje det skulle vore ei hospiteringsordning?

Men tusen takk for at eg vart tatt så godt i mot, og tusen takk for meg! De kjem nok til å sjå meg i Stryn innimellom.

Borghild Skarelvén

Takk til kyrkjeverja

Det er vi som skal takke kyrkjeverje Borghild Skarelvén. Ho har gjort ein god jobb i ein krevande kvardag, med mange personar og saker å forhalde seg til. Det var leit at ho berre vart her vel eit år. Vi skulle så



Borghild Skarelvén.

gjern hatt henne her lenger.

Kyrkjeverje vidare

Borghild Skarelvén skal arbeide her fram til påske. Fellesrådet arbeider med å få på plass ein etterfølgjar så snart som mogleg.

Dersom det tek lenger tid, kan det vere aktuelt at Svein Rønne kan ta på seg å vikariere i ein overgangsperiode.

Kyrkjelyden sin årsfest i Olden

I år vil Olden sokneråd slå saman medarbeidarfesten og kyrkjelyden sitt årsmøte, og inviterer dermed alle i kyrkjelyden til vårfest i Solvang onsdag 20. mars kl. 19.30.

Vi startar med årsmøtesakene, og deretter blir det litt program. Vi får song ved Oldedalen blandakor, og Odd Sindre Tonning vil vise bilete og fortelje frå reisa til Malawi som han var på saman med andre konfirmantar frå Nordfjord.

Det blir god mat, utlodning og tid til å la praten gå.

Soknerådet håpar mange finn vegen til Solvang denne kvelden.

Velkomne!

Velkomne til PÅSKEFEIRING på Innvik Fjordhotell Misjonsheimen 27. mars – 1. april 2013

Talar: Otto Høvik, pensjonert prest, som tidlegare har arbeidd i Israelmisjonen

Song: Arvid Larsen, songar og forkynnar i Indremisjonen i Hordaland.

Vertskap: Mona Ekstrøm og Jon Knut Drageset.

Annlaug Høvik, kona til Otto, vil også delta i programmet.

Påskemøta startar onsdag kl 20.00 med kveldssamvær. Bibeltid kl. 11.00 Langfredag, Påskeaftan og 1. Påskedag. Guds-

teneste i Innvik kyrkje Skjærtorsdag og 2.

Påskedag. Kveldssamvær kl. 19.30 kvar kveld frå Skjærtorsdag til og med 1. Påskedag.

Alle er velkomne til enkeltmøte. For informasjon og påmelding til overnatting og måltid, ta kontakt med: Innvik Fjordhotell Misjonsheimen AS, e-post: post@innvikfjordhotell.no, tlf: 57 87 49 90.

Vil stoppe forfallet

Nedstryn sokneråd organiserer i vår ein innsamlingsaksjon med formål å stoppe forfallet på Nedstryn-kyrkja og sikre praktbygget i Stryne-bygda. Stadig knappare kommunale løyvingar og knallhard prioritering av tiltak mellom mange kyrkjer som treng måling og ytre vedlikehald, har ført til at Nedstryn-kyrkja dessverre ikkje framstår som det praktbygget det burde vere.

Dette ønskjer soknerådet å ta tak i no, og utfordrar næringsliv og private til å støtte opp om dette, og stiller sjølv økonomisk garanti for heile kostnaden, for å få tiltaket gjennomført i år.

Dei fleste som har vore til kyrkje i Nedstryn dei siste par åra har nok lagt merke til eit aukande vedlikehaldsbehov, og mest synleg er avflassing av måling, særleg på vest-veggane, og svartsoppangrep i ytterpanelet stort sett rundt heile kyrkja. Mange har reagert på og kommentert dette, og det er og kome oppmodingar om at noko må gjerast.

Arbeidet som må gjerast omfattar både vasking, skraping, påføring av antisoppmiddel og fleire strøk med måling. Både frå næringslivet og frå privatpersonar har det kome signal om at viljen til å bidra er til stades, og i februar vedtok soknerådet å

ta bygdefolket på ordet og set no i gong innsamlingsaksjonen – «Stopp forfallet!»

Planen er å samle inn 300.000 kr, og desse pengane skal uavkorta gå til prosjektet.

«Kommunen sit med vedlikehaldsansvaret for alle kyrkjene i kommunen, og vi har forståing for at andre kyrkjer som også sårt treng vedlikehald er prioritert framfor Nedstryn, men det vil ikkje hindre oss i å sette i gong tiltaket» – seier soknerådsleiar Tore Bøe. «Soknerådet stiller garanti for gjennomføringa, men håpar og trur at oppmodinga om å støtte prosjektet når fram til bygdefolket. Alle kan vere med på dugnaden ved å støtte prosjektet økonomisk».

Ei ny hovuddør til kyrkja er også på gang, og denne er allereie finansiert av soknerådet sine eigne midlar. Det ville passe bra å få måla heile kyrkja no slik at bygget snart framstår i god stand, kvitmåla og med ny hovuddør på plass, til glede for bygdefolket og besøkande som kjem til gudstenester, konsertar og andre kyrkjelege hendingar.

Det er oppretta ein prosjektkonto til formålet, og soknerådet er takksame for både små og store innbetalingar til denne.

Kontonr: 3705 23 57455.



Dramatisering av Jesu oppstode. Konfirmantane dramatiserte kva som hende då Jesus stod opp att.



I samband med at TenSing Norway var på Vintertreffet i Stryn, var vi så heldige å ha dei med på konfirmanttime i Betania.

Nokre glimt frå konfirmantåret

Foto: Espen Berge



4. Februar var det god stemning då vi samla alle konfirmantane i Indre Nordfjord i Stryn til seminar og konsert med RoadService, ein av årets store happeningar.

Fasteaksjonen: Saman FORandre!

- Det er så mange her i landet som må reisa utanlands viss dei skal få den behandlinga dei treng, seier 15 år gamle Martha Gabola frå Dedza i Malawi.

- Difor vil eg bli lege og arbeida på eit sjukehus her i Malawi. Det er alt for få legar, og særleg på landsbygda er det mange som oppsøker medisinnmenn fordi dei ikkje har noko alternativ. Men der får dei ikkje alltid den behandlinga dei treng.

Konfirmentar frå Nordfjord møtte Martha under studiereisa til Malawi i oktober i fjor. Reisa var eit samarbeid mellom Nordfjord prosti og Kirkens Nødhjelp, og 14 ungdomar frå dei sju Nordfjord-kommunane deltok på reisa.

Malawi har langt att for å nå FN's tusen-årsmål om å betra helsa for gravide og fødande kvinner og å redusera talet på småborn som døyr. Levealderen er 42 år.

Håp

Martha Gabola kjenner landet sitt og ser kva som trengst, og ho vil sjølv vera ein del av den forandringa som må koma. Ho har håp, og ho er håp. Dette håpet fekk også konfirmentane del i. Dei møtte mange unge i Malawi, unge som har planar for framtida som er til det beste for land og folk. Nokre av dei hadde facebook og blackberry og hørde på same type musikk som unge i Norge. Men dei vitja også ein skule med 1800 elevar der det ikkje var ein einaste stol eller pult.

Kirkens Nødhjelp har jobba i Malawi i 15 år. Bakgrunnen for å starta arbeid i landet var at aids-epidemien spreidde seg raskt, men både kristne og andre religiøse leiarar var bremser i kampen mot aids. Som



Martha Gabola.

ein trusbasert organisasjon vart Kirkens Nødhjelp beden om å starta arbeid i landet, for dei kunne møte religiøse leiarar på deira "heimebane". Dette vart eit vendepunkt i kampen mot aids. Seinare har Kirkens Nødhjelp skaffa reint vatn ved hjelp av borehol svært mange stader i landet, og m.a. arbeidd mykje med kvinners rettar og likeverd. I dag er Kirkens Nødhjelp med på å auka talet på helsepersonell i landet, og på 10 år er talet på sjukepleiarar 3-dobla, frå 3.500 til 10.500.



Frå v.: Kristin Stensrød (sokneprest Eid), Emma Hagen (Vågsøy), Sunniva Hole (Vågsøy), Mona Kleppe Skåden (Stryn), Ingrid Ose (Gloppen), Sofie Holm Sæterlid (Bremanger), Markus Frislid (Eid), Fridleif Lydersen (sokneprest Bremanger), Odd Sindre Tonning (Stryn), Margit Liv Dammerud (Selje), Jacob J. Bredesen (Eid), Bjørn Tore Osdal (Selje), Oliver Haugen (Hornindal), Ole-Preben Fuglestrand (Gloppen), Camilla Nygård Hauge (Bremanger) og Miriam Flo (Stryn).

Ungdomane frå Nordfjord vitja m.a. ein sjuke-pleieskule som har fått nye undervisnings- og internatbygningar, finansiert av Kirkens Nødhjelp.

Saman forandre

Gjennom årets fasteaksjon vil Kirkens Nødhjelp setje fokus på menneske som forandrar verda, og fortelje historiane om nokre av dei som i prosjekta er med på å gjennomføre norske kyrkjelydar sitt internasjonale diakonale arbeid i praksis. Gjennom film, historiar og bilete vil vi sjå korleis både naudhjelpsoperasjonar, langsiktige utviklingsprosjekt og arbeidet med å påverka dei som styrer, er forankra i lokale behov og løysingar, og i den verdsvide kyrkja sitt diakonale oppdrag.

– Kirkens Nødhjelp har ein naturleg plass i den verdsvide kyrkja, og det handlar om mykje meir enn berre identitet, seier generalsekretær Anne-Marie Helland. Ho utdju-par:

–Det er nettverket vårt av kyrkjer og trusbaserte organisasjonar i Noreg og verda over som gjer oss unike, som gjer at vi saman kan skape så stor forandring. Over alt der det er menneske, finst det ei kyrkje – eller ein moské, ein synagoge eller eit tempel. Det gjev oss innpass der få andre har tilgang. Det gjev oss høve til å utfordre religiøse leiarar om tradisjonell praksis slik som kvinneleg omskjering. Saman med lokale partnerar kan vi skape verkeleg og varig forandring. Og saman med nesten 40 000 konfirmentar og

ei mengd frivillige i 2000 norske kyrkjelydar gjer vi fasteaksjonen til ein av våre største nasjonale dugnadar. Det gjer oss utroleg stolte og veldig audmjuke!

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 17.–19. mars

Vi møter kvardagsheltar i Kirkens Nødhjelp sine prosjekt over heile verda. Dette er menneske som er fødte på feil side av urettferda. Men dei vil forandre verda, og dei veit korleis. Dei er forbilde. Med årets fasteaksjon vil Kirkens Nødhjelp fortelje historiane til nokre av disse forbilda. Arbeidet vårt byggjer på kunnskapen og engasjementet deira. Dei sikrar berekraftige løysingar som er forankra i lokalsamfunnet. Dei får det til! Støtta frå norske kyrkjelydar gjev forbilda høve til å skape verkeleg og varig forandring. For seg sjølv, for andre og for kvarandre.

Det er kyrkjelydar landet rundt som står for gjennomføringa av Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Pengane som blir samla inn går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.

Støtt aksjonen direkte ved å:

- nytte kontonummer 1594 22 87493
- sende **GAVE** på sms til **2468** (200 kroner)

Ringje gjevartelefon 820 44 088 (200 kroner)



TenSamling i Solvang


TenSamling er ei ungdomsgruppe for dei i ungdomskulen og oppover. Vi samlast laurdagar frå kl. 19.00-24.00, ca. 1-2 gangar i månaden, i Solvang.

TenSamling skal vere ein møteplass, kor ungdom kan få møte kvarandre, og ha det kjekt, og samtidig få lov til å komme saman for å høyre om Jesus. På ein vanleg kveld pleier vi å ha ein del leikar og konkurranse for dei som vil, før vi har eit møte med andakt og lov-song. Etter møtet blir det pizza og anna digg, og meir spel og leik.

På nokre av samlingane har vi tema, til dømes hadde vi Pepparkakehuspyntekurranse før jul, kor vi hadde konkurranse om å lage det finaste huset. Og vi hadde 80 talls kveld no i januar, kor alle



Det blir mykje kjekke leikar på samlingane, som til dømes bøtteballett. ☺



Andreas Strand og Jens August Guddal Muri.

kom i 80 talls klede.

Vi håpar å sjå deg der neste gong!

Bli med i TenSamling sin gruppe på Facebook. ☺

Datoane for våren er: 2. mars, 20. april, 25. mai. ☺



Frå TenSamling i Solvang. ☺

KonfAction 2013, årets konfirmantgåve?

20.-24. juni setter vi igjen turen mot Bø i Telemark og årets KonfAction. Vi håpar å fylle ein buss med konfirmantar her frå indre Nordfjord. Vi trur dette vil bli ei minnerik avslutning på årets konfirmantår.

Kanskje kan besteforeldre, onklar og tantar vere med å gje denne opplevinga til konfirmanten?

KonfAction er ein av Kristen Idrettskontakt sine store sommarleirar, som dei siste åra har samla over 1000 konfirmantar i Bø i Telemark. Leiren er Norges største



konfirmantleir. På KonfAction har konfirmantane fått oppleve idretts glede, trusglede og livsglede. Mange idrettsaktiviteter, gode møte, dyktige leiarar og morosamt miljøet er med på å gjere leiren til ei stor oppleving.

Med 300 leiarar og idrettsinstruktørar, ønskjer KonfAction å bevare, inspirere og vinne idrettsglade ungdommar til kristent liv. Leiren vil innehalde over 30 ulike

idrettsaktivitetar, bibeltimar, kveldsmøte, Sommarland og sosiale aktiviteter i flotte omgjevnader i Telemark.

KonfAction kostar om lag 2500,- alt inkludert. Vi veit at dette er mykje pengar for ein konfirmant. Derfor utfordrar vi dei til, anten å setje av konfirmasjonspengar til leiren, eller meir konkret, ønskje seg leiren som ei konfirmantgåve.

Ver med og gje konfirmanten ei oppleving, gje han eit bidrag til KonfAction!

Tekst: Espen Berge

Oddny under open himmel

Livet er som ei vandring

Mange gonger vert livet vårt skildra som ei vandring. Vandringa startar som eit nyfødt hjelpelaust barn som er heilt avhengig av hjelp for å overleve. Seinare vert det hopp og sprang og leik. Sykkel, bil, båt og fly vert hjelpemiddel for å kome fram. Atten år er ei stort mål for ungdommen. Så skal sertifikatet innhentast. Mange delmål vert sette; utdanning, arbeidsplass, bustad, ein å dele livet med, barn, aktivitetar, m.m. På vandringa møter vi mange vegkryss der vi må velje vegen vidare.

Medan eg sit med desse tankane, høyrer eg stoveklokka som tikkar og tikkar. Det har ho gjort i alle åra mine, men det er ikkje så ofte eg legg merke til det. Tida går minutt for minutt. Og det er ikkje berre eg som seier at tida går så alt for fort.

Vi er komne inn i eit nytt år. Ved nyårs las eg ei snart tretti års gammal nyårspreike halden i Holmenkollkapellet av Karsten Isachsen. Preika vart også send i fjernsynet. Han nemnde nokre punkt som er viktige på vandringa i livet. Desse har eg arbeidd vidare med.

Omsorg

Foreldra gjev barnet omsorg. Den sjuke

og den gamle treng også omsorg. Nokre menneske er einsame. Nokre ønskjer einsemda, andre lengtar etter eit eller fleire medmenneske. I ei vise står det: »Kom hit og trøst meg litt, for nå er jeg ganske trøtt og med ett så forferdelig alene!» Mange har eit yrke som set store krav til omsorg. Sjå på dei som arbeider i barnehagen, i skulen, på sjukeheimen, i utetesta, på sjukehuset! Lista kan gjerast mykje lenger. Vi har mange omsorgsfulle hender omkring oss. Dei er verd ei rose kvar dag.

Grenser

I livet er der grenser mellom det som er rett og gale. Gud har gjeve oss grenser. Tenk på dei ti boda og samvitet som vi er utrusta med! Dette må lærast. Gjennom lover er grenser nedfelde. Vi har desse grensene for å ta vare på dei andre og oss sjølve. Alle treng å sjå klåre grenser og følgje dei. Det verna om menneskeverdet.

Tilhøyring

Eg høyrer til ein familie, ei grend, ei bygd, ei kyrkje, ein kyrkjelyd og eit land. Vi kan vere stolte og takksame for det. Familie og vener står oss nærmast. Mange gler seg når nordmenn kjem på



sigerspallen i idrettsøvingar eller etter anna bragd. Då kjem tilhøyringskjensla fram. I grend og bygd vert mange felles løft gjorde i fellesskap. Det knyter oss saman. Skjer det vonde ting i dette fellesskapet, så gjev det sår og smerte ikkje berre for den involverte, men også i flokken.

Oppleving av at nokon bryr seg om meg

Møter du kjærleik og glede frå andre? Har du nokon å medvandre med? Det kan vere i heimen, på turar, i feriar, i matpause, i foreiningsliv m.m. Det er godt å kjenne at nokon bryr seg om meg. Du får kanskje eit hei på vegen som gjev deg nytt mot. Eg minnest frå då eg gjekk i barneskulen. På heimvegen møtte vi av og til ein gammal mann som helsa oss med «Godt mot!»

(Framhald i neste nummer.)

MALI – vegen vidare!



Dei fleste kyrkjelydane i Indre Nordfjord har samarbeidsavtale med NMS om å støtte prosjekt i Mali. Vi veit at den politiske situasjonen i Mali har vore svært spent i det siste, og mange lurar på korleis det går med misjonsarbeidet i desse tider. Difor kjem her ei oppdatering av situasjonen, henta frå NMS si heimeside. Programsjef Inger Kari Søyland skriv:

De tre NMS-misjonærene som har bodd og arbeidet i Mali den siste tiden ble bedt om å komme til Norge midt i januar etter at sikkerhetssituasjonen i Mali forverret seg betraktelig. Disse har nå fått en pause fra sitt daglige arbeid i Mali, men verken misjonærene eller NMS har tenkt å ta pause fra sitt engasjement for det maliske folk!

Misjonærene kan gjøre noe oppfølgingsarbeid fra Norge, men enda viktigere er det at vi har lokale medarbeidere i Mali som tar

seg av det daglige arbeidet. Også under okkupasjonen har disse klart å holde kontakt med folk i området. NMS har også satt i gang en innsamlingsaksjon for å gi akutt humanitær hjelp. Mange mangler mat og medisiner, andre har måttet flykte fra sine hjem.

Prosjektarbeid gjenopptas

Etter at Frankrike har grepet inn og styrket den maliske hærs kamp mot islamittene, har nå store deler av prosjektområde i Nord-Mali blitt frigjort fra okkupantene. Innbyggerne viser stor glede over dette, og prosjektarbeidet kan gjenopptas.

God vei vidare

Nå vil vår samarbeidspartner i Mali gjøre en vurdering av situasjonen for å komme med forslag til eventuelle justeringer som er nød-

vendige for å tilpasse prosjektarbeidet til dagens virkelighet. I en god dialog med alle våre samarbeidspartnere i Mali, håper vi å finne en god vei videre for NMS sitt engasjement i landet.

Innsamlingsaksjon for flyktninger i Mali

De som ønsker å støtte dette arbeidet, kan gi sin gave til prosjektet Diakonale tiltak. Du kan også betale via nettbank. Merk gaven med prosjektnummer 622 487 og send pengene til NMS' vanlige gavekonto nr. 8220 02 85030.

Vi har også en SMS-aksjon på gang. Send MALI til 2377 og du gir 300 kroner til Mali - rett fra telefonen din.

Det vi trenger nå, er mer penger på kontoen. Vi oppfordrer alle til å gi sin støtte!

Salmen min

Av Henny Koppen

Ein dag for om lag 25 år sidan høyrde eg ein salme på bilradioen, som umiddelbart vekte interesse. Det var ein mektig melodi som bygde seg opp frå eit lavt toneleie og svinga seg opp i høgda gjennom ei spennig melodiline. Eg fall for melodien med ein gong, og gledde meg over at salmen hadde fire vers, så eg fekk høyre han fleire gonger. Det skulle vise seg at denne salmen hadde fått plass i salmeboka som var ny i dei dagar, Norsk Salmebok frå 1985. Med litt research fann eg ut at melodien fyrst var kjend gjennom salme- og songsamlinga Lyra Davidica, frå 1708. Altså ein "låt" frå høgbarokken si tid, ein epoke som har interessert meg heilt frå barndommen av. Eg er klar over at eg skulle skrive om ein salme og ikkje ein melodi, men dette seier litt om min innfallsvinkel til salmeskatten, melodien fangar meg fyrst, deretter kanskje teksten. Men i dette tilfellet har vi å gjere med både – og. Det viste seg at det var Eivind Skeie som var ansvarleg for den



norske omsetjinga av ei engelsk påskehymne, Christ the Lord is risen today. NoS viser rett nok til ein svensk versjon, av Olov Hartmann, så det er vel den som har vore grunnlaget for Eivind Skeie når han skreiv: Livet vant, dets navn er Jesus. Dette er ein salme for påsketida, ein oppstodesalme med all den jubel ein kan tenkje seg. Hallelujaropet lyder i annankvar setning, og ropet svingar seg mot himmelen og mot jorda. I tydelege ord skriv Eivind Skeie om Jesus som vann over død og grav, som er med oss alle dagar og som møter oss i nattverden med næring for trua, liv og overflod til å leve for kvarandre. Oppstoda til eit evig liv blinkar som eit håp lenger framme. Med få ord har forfattaren samla alt eg trur på og ynskjer å stå for. Sanneleg ein salme for livet.

Eg utfordrar Olav R. Faleide til å skrive om sin song/salme til neste nr. av Kyrkjeklokka.

Livet vant, dets navn er Jesus

Livet vant, dets navn er Jesus.
Halleluja.
Han var død, men se han lever.
Halleluja.
Dødens porter åpner han,
halleluja,
Viser vei til livets land. Halleluja.

Hva er murer, hva er graver?
Halleluja
Han er med oss alle dager.
Halleluja.
En er Herren, en vår tro. Halleluja.
Ett er brødet på hans bord.
Halleluja.

Brødet brytes, vinen deles.
Halleluja.
For at vi ved tro skal leve.
Halleluja.
Av vår hyrde, sterk og god,
halleluja.
Får vi liv og overflod. Halleluja.

Jesus døde for oss alle. Halleluja.
Vi skal leve for hverandre.
Halleluja
Jesus oppstod. Så skal vi,
halleluja,
oppstå til et evig liv. Halleluja.

(NoS nr 195)



«Pipekonsert» i Oppstryn

Orgelet i Oppstryn-kyrkja fyller 100 år i år – og kyrkja blir 150! Soknerådet organiserer no ei innsamling for å setje orgelet i varig god stand til 150-årsjubileet i november. Gåver kan innbetalast til konto 3795.22.86183.

På kyrkjebakken

Påskekonsert i Innvik kyrkje

Onsdag 27. mars kl. 20.00 blir det påske-konsert i Innvik kyrkje v/Førde Kammerkor. Dei har vore her eit par gongar før. Koret held høg musikalsk kvalitet. Vi håpar at folk frå heile Indre Nordfjord møter opp for å få ein god inngang til påska. Meir informasjon vil kome i lokalavisa seinare.

Minnegåver til kyrkjene


Vi minner igjen om at minnegåver i samband med gravferder gjerne kan gå til kyr-

kjene. Det er flust opp av oppgåver som skal gjerast og utgifter som skal dekkast, også utanom det som blir dekt av kommunen sitt vedlikehaldsbudsjett.

Det kan vere trong for fleire kyrkje-tekstilar, det kan vere nye lydanlegg og mikrofonar, det kan vere fleire eller nye plantar ute på kyrkjegarden, det kan vere til utsmykking av ulik art t.d. Sokneråda er takksame for slike gåver. Om nokon treng kontonummer, er det berre å ta kontakt med det aktuelle soknerådet.

Statistikk for
Hornindal prestegjeld 2012

(Tala for 2011 står i parentes)



Hornindal prestegjeld	Hornindal		Nordsida		Randabygd		Sum
Døypte	10	(17)	4	(5)	3	(1)	17 (23)
Konfirmerte	17	(17)	5	(3)	0	(2)	22 (22)
Vigde	2	(2)	1	(1)	2	(0)	5 (3)
Gravferder	15	(10)	3	(10)	4	(3)	22 (23)
Gudstenester	25	(25)	19	(20)	14	(16)	58 (61)
Deltakarar ved gudst.	3024	(2021)	1478	(1466)	756	(1062)	5258 (4549)
Nattverdgjester	282	(152)	391	(361)	59	(40)	732 (553)
Offer/kollekt	61261	(72800)	67203	(59468)	13815	(6294)	142279 (131179)
Andre innsamlingar	120172	(190831)	67484	(60799)	629552	(30884)	817208 (282514)

Statistikk for
Innvik prestegjeld 2012

(Tala for 2011 står i parentes)



	Olden m/Ljosheim		Innvik		Utvik		Sum, Innvik prestegjeld
Døypte	4	(10)	4	(6)	1	(4)	9 (20)
Døypte, bor i soknet	1	(5)	3	(4)	1	(1)	5 (10)
Konfirmerte	21	(13)	6	(13)	4	(4)	31 (30)
Vigde	2	(5)	1	(3)	0	(2)	3 (10)
Gravferder	7	(12)	6	(6)	5	(5)	18 (23)
Gudstenester	27	(27)	22	(22)	18	(18)	67 (67)
Deltakarar ved gudst.	3111	(2530)	1503	(1551)	957	(1109)	5571 (5190)
Nattverdgjester	519	(368)	190	(162)	72	(135)	781 (665)
Offer/kollekt	68110	(79115)	44349	(33104)	43636	(53967)	156095 (166186)
Fasteaksjonen	15359	(13850)	9205	(10876)	8942	(11839)	33506 (36565)

Det var berre 4 døypte i Olden kyrkje. Av dei 4, så var det berre 1 av dei, som hadde bustadadresse i Olden sokn. Men 6 barn vart døypte i andre kyrkjer i Indre Nordfjord. Dei hadde bustad i Olden sokn. 7 døypte hadde bustad i Olden sokn.



Statistikk for
Stryn prestegjeld 2012

	Nedstryn	Oppstryn	Loen	Sum, Stryn prestegjeld
Døypte	29	15	7	51
Konfirmerte	37	9	13	59
Vigde	1	4	3	8
Gravferder	18	7	5	30
Gudstenester	36	18	17	71
Deltakarar ved gudst.	5125	1347	1249	7721
Nattverdgjester	567	111	108	786
Offer/kollekt	85865	30381	25126	141372



Slekt skal følgje slekters gang



Oppstryn

Døde:

- 25/11 Storm Rebni Heimlid. For. Lillian
Rebni Heimlid og Rune Rebni
Pedersen
25/12 Hedda Kveen. For. Ann Kristin
Riise og Lars Helge Øvre-Flo
Kveen

Døde:

- 17/12 Oddny Folven f. 1922
31/12 Guro Nesje f. 1925
4/1 Agnes Erdal f. 1920
15/1 Emma Magnhild Gjørven f. 1920

Nedstryn

Døypte:

- 11/11 Eirik Haugstveit. For. Ingrid
Henjum og Roar Haugstveit
2/12 Felix og Leon Egge Bø. For.
Kathrine Hool Egge og Karl Olav
Bø
2/12 Gabriel Vik. For. Marita Guddal
og Ole Morten Vik
6/1 Jonas Sunde Myrold. For. Ina
Eirin Sunde og Asle Myrold.
Døyppt i Stårheim kyrkje
13/1 Oveila Juklestad Avdem. For.
Maria Juklestad og Halvard
Avdem. Døyppt i Helgheim kyrkje.
27/1 Mali Haugen Sønsterudbråten.
Camilla Haugen og Jørn Sønste-
rudbråten
27/1 Markus Vanberg Bøe. For. Ingunn
Langø Vanberg og Kjell Magne
Bøe

Døde:

- 7/11 John Asbjørn Vik f. 1932
22/1 Hans Petter Holko f. 1943
23/1 Magny Jorun Bø f. 1921
28/1 Kåra Svanhild Sætre f. 1921
8/2 Ingeborg A. Lunde f. 1929

Loen

Døypte:

- 30/12 Anna Josefine Rasmussen Aase.
For. Marie Moe Rasmussen
og Jørn Kåre Aase
30/12 Rasmus Olai Skarstein. For. Kristin
Blindheim og Olav Skarstein

Innvik

Døde:

- 23/12 Ingeborg Nygjerd, f. 1917
27/12 Roald Ulf Hopland, f. 1935
08/01 Bjørn Vagstad, f. 1939

Olden

Døypte:

- 30/12 Rasmus Olai Skarstein, f. Olav
Skarstein og Kristin Blindheim
(Døyppt i Loen.)

Døde:

- 2/1 Alf Muri, f. 1934
21/1 Anna Kristine Yri, f. 1923

Hornindal

Døypte:

- 21/10 Isabell Hellesø Hawkins. For.
Gunn Renate Hellesø og Nicholas
John Hawkins.
Døyppt i Stårheim kyrkje
2/12 Emma Sofia Urtecho de Flon.
For. Nora de Flon og Jorge
Charlos Urthecho
13/1 Jonas Hatledal Eikås.
For. Else-Marit Hatledal og
Magnus Espelund Eikås
13/1 Lars Møgster Kirkhorn.
For. Veronika Helena Møgster
og Torbjørn Kirkhorn
3/2 Marius Horne. For. Siri Valheim
og Martine Johnsen Horne

Døde:

- 6/11 Nella Myklebust f. 1921
25/12 Odd Robert Wick f. 1919
12/1 Lars L. Tomasgård f. 1933

Nordsida:

Døypte:

- 16/2 Tuva Lunde Bergset.
For. Agathe Lunde Bergset
og Odd-Arne Bergset

Randabygd

Døde:

- 25/1 Ingebjørg Nesdal f. 1923

Kyrkjejubileum i Oppstryn

Vi etterlyser gjenstandar til utstilling. I samband med jubileumsveka i sommar vil det bli laga ei utstilling av gamle ting som finst i kyrkja.

I tillegg til dette etterlyser vi gamle bilde, dokument, bygningsdeler eller andre gjenstandar frå den gamle kyrkja på Nesin (Nesje) som vart teken av snøras i 1662. Denne kyrkja var rikt utstyrt, og fleire gjenstandar vart funne att og dei er tekne vare på. Det finst truleg fleire ting rundt i bygda som skriv seg frå Nesinkyrkja, og det ville vere interessant om vi kunne få låne desse til utstillinga. Gamle dåpskjolar, huer og kristnaåkle er også av interesse. Utstillinga vil ha vakthald. I fall du kjenner til noko som kan stillast ut kan du kontakte utstillingsnemnda:

Kjell Fagerstrand, tlf. 900 68 506
Sonja Skaare Esperø tlf. 481 73 720
Ragnhild Mork tlf. 993 53 304

Har de sett at det er nye lyskastarar ved Hornindal kyrkje?


Lyskastarane ved kyrkja var gamle, og trengde utskifting. Harald Honningsvåg tok tak i saka og fekk Ekornes Grodås til å sponse nye.

Dei nye er små, men effektive LED lampar på 20W, mens dei gamle hadde pærer på 500W, så ein vil no spare straum samtidig som det vert betre opplyst mot hovudinngangen. Hornindal sokneråd vil takke for gåva og innsatsen for å få desse på plass

Anne Lødemel Honningsvåg
- kyrkjeverje i Hornindal -

Fotograf: Magnhild / Knut Rødvik





Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkomen i nabokyrkja

17. mars; Maria bodskapsdag – Luk 1, 39-45

Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Sigurd Stige
Innvik 11:00 Gudsteneste

22. mars; fredag

Loen 12:30 Skulegudsteneste

24. mars; Palmesundag – Luk 18, 31-43

Nedstryn 11:00 Gudsteneste
Utvik 11:00 Gudsteneste
Ljosheim 20:00 Gudsteneste

28. mars; Skjærtorsdag – Joh 13, 1-17

Innvik 11:00 Gudsteneste
Bøasetra, Stryn 12:00 Friluftsgudsteneste
Bruasetra, Hornindal 12:00 Friluftsgudsteneste.
Ved Jon Ytrehorn
Oppstryn 20:00 Gudsteneste
Nordsida 20:00 Gudsteneste. Kollekt

29. mars; langfredag – Luk 22,39 – 23,46

Nedstryn 11:00 Pasjonsgudsteneste
Loen 12:00 Katolsk messe
Hornindal 15:30 Konsert med Sunnmøre
kristelege mannskor
Olden 20:00 Pasjonsgudsteneste. Ved Sigurd
Stige

31. mars; påskedag – Joh 20,1-10

Nedstryn 09:00 Høgtidsgudsteneste
Loen 10:00 Katolsk
Oppstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste
Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste
Randabygd 11:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Jon
Ytrehorn
Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste

01.april; 2. påskedag – Joh 20, 11-18

Loen 11:00 Gudsteneste
Innvik 11:00 Gudsteneste
Nordsida 11:00 Gudsteneste

07. april; 2. s i påsketida – Joh 20, 24-31

Nedstryn 11:00 Speidargudsteneste
Utvik 11:00 Gudsteneste

13. april; laurdag

Loen 17:00 Katolsk messe

14. april; 3. s i påsketida – Mark 6, 30-44

Olden 11:00 Kyrkjehelg for funksjonshemma.
Ved Jon Ytrehorn og Harald Runde
Nordsida 12:00 Gudsteneste. Besøk frå Herøy
kyrkjelyd. Song ved Hornindal songlag.
Musikk ved Oddvar Bergset og Bjarte Sætre
med band.

18. april; torsdag

Oppstryn 20:00 Samtalegudsteneste

19. april; fredag

Utvik 20:00 Samtalegudsteneste

21. april; 4. s i påsketida – Joh 14, 1-11

Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Sigurd Stige
Sunnylven kyrkje 11:00 Samtalegudsteneste for
konfirmentane i Hornindal og på Hellesylt

27. april; laurdag

Hornindal 18:00 Gudsteneste i samband med
100 – årsjubileum for Hornindal sanitetslag
og fylkesårsmøtet for sanitetslaga. Musikk ved
munnspealarar

28. april; 5. s i påsketida – Joh 17, 6-11

Loen 10:00 Katolsk messe
Ljosheim 11:00 Gudsteneste

05. mai; 6. s i påsketida – Matt 6, 7-13

Oppstryn 10:00 Konfirmasjon
Olden 11:00 Konfirmasjon
Randabygd 11:00 Konfirmasjon. Ved Jon Ytre-
horn

09. mai; Helgetorsdag – Joh 17, 1-5

Nedstryn 10:00 Konfirmasjon
Hornindal 10:00 Konfirmasjon
Innvik 11:00 Konfirmasjon
Loen 12:30 Konfirmasjon
Nordsida 12:30. Konfirmasjon

11. mai; laurdag

Loen 17:00 Katolskmesse

12. mai; Sunday før pinse – Joh 16, 12-15

Nedstryn 11:00 Konfirmasjon
Utvik 11:00 Konfirmasjon
Hornindal 11:00 Konfirmasjon

17. mai; Grunnlovsdag – Luk 17, 11-19

Nedstryn 09:30 Festgudsteneste
Nordsida 10:30 Festgudsteneste
Oppstryn 11:00 Festgudsteneste
Olden 11:00 Festgudsteneste
Innvik 11:30 Festgudsteneste
Hornindal 12:00 Festgudsteneste.
Ved Jon Ytrehorn
Loen 13:00 Festgudsteneste
Utvik 13:00 Festgudsteneste
Randabygd 13:00 Festgudsteneste

19. mai; Pinsedag – Joh 14, 23-29

Nedstryn 11:00 Konfirmasjon

Olden 11:00 Gudsteneste

Omsorgsenteret, Hornindal 16:00 Gudsteneste.

20. mai; 2. pinsedag – Joh 7, 37-39

Bergsetnausta, Nordsida 12:00 Felles guds-
teneste for heile Indre Nordfjord.

26. mai; Treeinigsundag – Luk, 24, 45-48

Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Konfirment-
jubileum.
Loen 15:00 Katolskmesse

02. juni; 2. s i treeiningstida – Joh, 3, 1-13

Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Konfirment-
jubileum.
Innvik 11:00 Gudsteneste
Hornindal 11:00 Familiegudsteneste. Søndags-
skulen deltek. Song av Nordsida barnegospel
Sundshaugen, Olden 15:00 Friluftsgudsteneste

08. juni; laurdag

Loen 17:00 Katolsk messe

09. juni; 3. s i treeiningstida –

Mark 10, 13-16

Loen 11:00 Gudsteneste. Konfirmentjubileum.
Kvalen, Randabygd 14:00 Friluftsgudsteneste

16. juni; 4. s i treeiningstida – Matt 9, 35-38

Nedstryn 11:00 Gudsteneste
Olden 11:00 Gudsteneste ved Sigurd Stige
Hornindal 19:30 Gudsteneste

23. juni; 5. s i treeiningstida –

Matt 18, 12-18

Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Harald
Runde
Nordsida 11:00 Gudsteneste med nattverd
Loen 15:00 Katolsk messe

30 juni; Aposteldagen – Mark 3, 13-19

Nedstryn 11:00 Gudsteneste ved Harald
Runde.
Utvik 16:00 Gudsteneste

Nordsida Barnegospel til Hornindal

Søndag 2. juni blir det familieguds-
teneste i Hornindal kyrkje der søn-
dagsskulen og Nordsida barnegospel
tar del. Etterpå blir det tur til Bjørke for
grilling, lek og bading (Vi får låne
symjebassenget).



B Fulldistribusjon



Sunnmøre Kristelige Mannskor.

Sunnmøre Kristelige Mannskor dreg i år på langfredagsturné til kyrkjene i Austefjord (kl. 1100), Hornindal (kl. 1530) og Sykkylven (kl. 1900).

Songmusikalske skattar frå sentral tradisjon i vårt kyrkje- og kristenliv er koret sitt varemerke. Mange av korsatsane er komposisjonar og arrangement av Johan H. Grimstad. Han var i mange år primus motor og dirigent for koret. Andre kjende tonedikttrar er S. H. Geitvik, Knut Nystedt og Edvard Grieg. Tekstane som blir formidla, er skrivne av mellom andre Ronald Fangen, Johs. Barstad og Jakob Sande. Ein

slovensk song med norsk tekst av Andreas Bjåstad og arrangement av Johnny Bakken står også på programmet. Den vart skriven til koret sitt 80 års jubileum i fjor.

Songar og tekster er tematisk tilpassa "den stille veka" sitt særpreg - faste og pasjon. Jesu lidingssoge blir lesen frå "bibel-soga" mange framleis vil hugse frå barneskulen. Dirigent for koret er Svein Eiksund, godt kjend frå ei rekke korprosjekt på Nordvestlandet.

Det blir høve til å støtte kristent ungdomsarbeid gjennom kollekt og kjøp av koret sin siste CD.

Meld deg inn i bønenettverket for Den norske kyrkje

Du melder deg inn på denne måten. Klikk deg inn på www.kirken.be under "Bli oppdatert".

Då vil du få bøne-e-post 1–2 gonger i mnd og bøneblad fritt tilsendt vår og haust, eller ein av delane etter eige ønske. I bønebladet og i bøne-e-postane som kjem til deg, vil det stå konkrete bøneemne. I bønebladet vert det gitt ut ein halvårs kalendar som viser kva som skjer av møte i kyrkjelege organ, i regjering og andre viktige offentlege organ. Kaldaren er fint å bruke til eige bønoliv. Leiar i bøne-nettverket er Jo Hedeberg.

Tekst: *Harald Runde*

Storsamling i Nord-sida kyrkje søndag 14. april kl. 12

Denne dagen får vi besøk av Hornindal songlag, Bjarte Sætre med band og ei busslast frå Herøy kyrkjelyd. Reiseleiar frå Herøy blir Beate Nes. Etter gudstenesta blir det grilling ved Sagedammen. Ta med grillmat.

KAFFEKROKEN



Neste nummer får du i posten ca. 17. juni. Redaktør blir Knut Sigurd Gald. Stoff kan sendast på e-post til post@kyrkjeklokka.no innan 20. mai.